Behovsmelding

“Kollektiv kompetanseheving i skular og barnehagar”

Nettverk Øvre Setesdal

Bykle- og Valle kommune 2026



Innhaldsliste

Innhaldsliste 2
Innleiing 3
Øvre Setesdal 3
Forankring 3
Partnarskap med Universitetet i Agder (UiA) 4
Mål 5
Nasjonale mål 5
Vurdering av kompetansebehov 5
Prioriterte mål for kompetanseutviklinga i Valle og Bykle kommune 2026 6
Målgruppe 6
Deltakarar 6
Organisering og styring 7
Koordinator 7
Arbeidsgruppe 7
Fordeling av roller 7
Arbeidsmåtar og samarbeid i nettverket 9
Tiltaksoversikt 2026 10
Framdriftsplan 2026 10
Evaluering 11
Bruk av kompetansemiddel 11
Grunnlag for berekning av tilskot 11

Innleiing

Alle barn fortener ein god start. Barn og unge skal oppleve å lære, leike, utvikle seg og meistre.

Gode barnehagar og skular som lyfter alle barn uavhengig av bakgrunn, er dei viktigaste bidraga for å skape eit samfunn med små skilnadar og like mogelegheiter for alle.

Tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring skal styrke kollektiv kompetanse i barnehagar og skular ut frå lokale behov, gjennom partnarskap med universitet eller høgskule.

Alle barnehage- og skuleeigarar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elever med behov for særskilt tilrettelegging.

Partnarskap mellom universiteta eller høgskolane og praksisfeltet skal og bidra til å styrke lærarutdanningane.

Øvre Setesdal

Øvre Setesdal består i denne behovsmeldinga av Valle- og Bykle kommune. Samla har dei to kommunane om lag 2 200 innbyggjarar

Kommunane samarbeider om Pedagogisk-psykologiske tenester (PPT), barnevern og helsetenester.

Kommunane sitt arbeid med regional kompetanseheving i barnehagane og i skulane vi bli sett i samanheng.

Forankring

Satsinga er forankra hos kommunedirektørane i Bykle- og Valle kommune.

Behovsmeldinga er behandla i Arbeidsgruppa for Kompetanseløftet+, der tenesteleiarane (barnehage, skule og PPT), Universitetet i Agder (UiA) og hovudtillitsvald (HTV) i Utdanningsforbundet er med.

Partnarskap med Universitetet i Agder (UiA)

Partnerskapsavtale
Fra januar 2026 prolongeres partnerskapsavtalen mellom UiA og nettverket. Avtalen er utarbeidet i dialog med nettverket og Samarbeidsforum, og avtalen har en varighet på 1 år i påvente av ny overordnet plan for Agder.

Intern organisering på UiA
UIA har en intern styringsgruppe som skal bidra til forankring av tilskuddsordningene på UiA. Styringsgruppen ledes av viserektor for utdanning og består av dekan for fakultet for humaniora og pedagogikk, dekan for lærerutdanningene samt et utvalg instituttledere, vitenskapelige som jobber i ordningene og en tillitsvalgt fra en av fagforeningene.

Den daglige driften av tilskuddsordningene ivaretas av faglig leder og to koordinatorer som jobber tett med nettverkene for å kartlegge, planlegge, gjennomføre og evaluere aktivitetene i tilskuddsordningene.

Faglig leder og koordinatorene gjennomfører semestervise møter med vitenskapelige/utviklingspartnere som jobber i de ulike ordningene og de ulike nettverkene. Hensikten med disse møtestedene er å forankre, kvalitetssikre og utvikle partnerskapet og bidra til at kunnskapen og erfaringene fra arbeidet i partnerskapet tilbakeføres til de ulike lærerutdanningene og andre relevante profesjonsutdanninger. Faglig leder for tilskuddsordningene møter også jevnlig i ledermøtene for lærerutdanningene.

Fokusområder på UiA
Langsiktighet
UiA jobber med å finne utviklingspartnerne som kan jobbe langsiktig i samme nettverk for å sikre best mulig kontinuitet i utviklingsarbeidet.
Forutsigbarhet
UiA tilstreber at hvert nettverk har en hovedkontakts person, kalt UP1 som har i oppgave å være i tett dialog med koordinatorene for nettverket i forhold til overordnet planlegging, gjennomføring og evaluering av utviklingsarbeidet.
Bærekraft
UiA har i dialog med nettverkene gjennomgått økonomien og avklart ressursnivået som UiA kan bidra med innenfor de økonomiske midlene som tildeles.

Bidrag Øvre Setesdal
I nettverket Øvre Setesdal deltar faglig leder og koordinator for skole, samt en vitenskapelig i arbeidsgruppen. I løpet av 2025 har vi bidratt med støtte til kartlegging av barnehagenes og skolenes behov samt ulike måter å organisere utviklingsarbeid på som grunnlag for videre samarbeid i 2026.

Mål

Nasjonale mål

Styrke kollektiv kompetanse i barnehagar og skular ut frå lokale behov, gjennom partnarskap med universitet eller høgskule.

Alle kommunar og fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi et inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging.

Vurdering av kompetansebehov

Nettverk Øvre Setesdal har de tre siste år søkt å spisse og målrette sitt utviklingsarbeid for barnehagar, skular og PPT. Dette er gjort i samarbeid med UiA.

Nettverket har gjennom Kompetanseløftet+, Læringsmiljøprosjektet (Bykle) og Helsefremjande skular og barnehagar (Valle) fått oppdatert kunnskap om einingane sin kompetanse innafor «inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod».

Sommaren 2025 kartla nettverket einingane sin behov gjennom SMTTE (Valle) og Ståstadsanalyse (Bykle). Alle einingane definerer behov inn under overbygnaden «inkludering». Det er fokuserast på ulike delområde i den enkelte eining som til dømes «felles verdiar», «klasseleiing», «relasjonskompetanse», «planlegging for inkludering», «medverknad» og «inkluderande fellesskap».

Nettverket ønsker å bidra sterk lokal forankring og gi rom for noko differensiering mellom einingane. Det vurderast å vere eit behov for opplæring i modellen «Lærende nettverk» med «Dialogkonferansemodellen» som metode.

Gjennom opplæring våren 2026, vil nettverket og einingane i enda sterkare grad spisse og tilpasse innhaldet i utviklingsarbeidet hausten 2026. Alt under omgrepet inkludering.

Prioriterte mål for kompetanseutviklinga i Valle og Bykle kommune 2026

Nettverket er opptatt av målretta kompetanseutvikling over tid. Det blir difor viktig å halde fast i satsingar.
Nettverket vil i 2026;

Trene organisasjonen i «Lærande nettverk» og Dialogkonferansemodellen» (vår)

Identifisere den enkelte eining sitt prioriterte utviklingsbehov under inkludering (vår)

Elevane opplever ein meir inkluderande skule og det kjem til syne i Elevundersøkinga.

(Utdanningsdirektoratet sitt indikatorsett for læringsmiljø i mal for tilstandsrapport for grunnskulen; støtte frå lærar, vurdering for læring, læringskultur, meistring og elevdemokrati og medverknad)

Målgruppe

Målgruppe er barnehage- og skuleeigarar, leiarar , utviklingslærar/ -pedagog, og øvrige tilsette i barnehagar og skular, PP-tenesta og andre tenester i kommunane som bidrar til kvalitet i eit samordna tilbodet til barn og unge.

Deltakarar

PPT Setesdal
Hylestad barnehage
Valle barnehage
Valle skule
Bykle barnehage
Fjellgardane barnehage
Bykle barne- og ungdomsskule
Fjellgardane skule
Skuleeigarar
Barnehageeigar

Fleire i laget rundt barnet kan bli involvert i tiltaka;

Setesdal barnevern (BV)
Helsesjukepleiarar
Koordinerande Eining (KE)
Barnekoordinator (BK)
Kultur og Fritid (K&F)
Psykisk helse og familietenester (PHF)

Organisering og styring

Koordinator

Skule- og oppvekstansvarleg i Bykle kommune

Arbeidsgruppe

Deltakarar; Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet (1)
Skuleeigarar /barnehageeigar (2)
PPT (1)
Rektorane (3)
Styrarane (2)
UiA (2; ein administrativ og ein vitskapleg)

Fordeling av roller

Rolle	Ansvar
UIA	• Bidra i samskapingsprosessen og samarbeide med arbeidsgruppa om form og innhald på bidrag frå UiA. • Ta kontakt med koordinator i god tid før samlingane for å sikre felles forståing av innhald. • Delta i møte med arbeidsgruppa i samband med planlegging av innhald i samlingane. Førebur og gjennomfører samlingane i tråd med det som vert avtalt. • Bidra med støtte og samskaping med leiarane i implementeringa.
Koordinator	• Planlegge og kalle inn til møte i arbeidsgruppa, leie møta og skrive referat • Har hovudansvaret med å koordinere arbeidet mellom nettverket Øvre Setesdal og UiA. • Koordinere arbeidet med utarbeiding av behovsmelding i nettverk Øvre Setesdal i partnarskap med UiA • Sikre føring av rekneskap og skrive rapport i høve midla som vert tildelt (gjerast i Valle kommune) • Delta i Samarbeidsforum – sikre informasjonsflyt mellom arbeidsgruppa og Samarbeidsforum • Organisere fysiske samlingar med tanke på lokalar, bevertning og nødvendig utstyr (delegere)
Arbeidsgruppe	• Vurdere lokale kompetansebehov • Planlegge ordninga • Planlegge samlingar/aktivitetar • Vurdere/evaluere ordninga • Vurdere/evaluere samlingar/aktivitetar

Utviklingslærar/ -pedagog	• Samarbeider med leiinga om å legge til rette for gode og kollektive prosesser i det pågåande utviklingsarbeidet i personalet • Støtter lærarane/pedagogane i arbeidet med å utvikle god praksis i det profesjonsfaglege fellesskapet og helt ut i arbeidet med elevane sin læring og barna sin utvikling. • Deltar og bidrar med eksempel frå eigen praksis, og skulens/barnehagens utviklingsarbeid og praksis i regionale nettverkssamlingar.
Utviklingsrettleiar	• Representerer eigar og har det faglege ansvaret for systematisk kvalitetsarbeid i barnehagane og skulane i kommunen. • Har ansvar for plan for etter- og vidareutdanning og for å skape god samanheng mellom individuelle og kollektive kompetansetiltak i kommunen. • Vere tett på utviklingsarbeidet og ha god kjennskap til einingane sitt kvalitetsarbeid. https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/eiers-ansvar-for-kvalitet-og-kompetanse/ • I lærande nettverk, ha ansvar saman med UiA for det faglege innhaldet i nettverket • Bidra til at arbeidet i nettverket heng godt saman med anna utviklingsarbeid i kommunen • Sørge for god involvering av laget rundt barnet • I god dialog med tenesteleiarane evaluere og vidareutvikle kommunens arbeid med kvalitet
Tenesteleiar	• Organiserer utviklingsarbeidet på eiga eining i samråd med skuleeigar og barnehageeigar • Førebu samlingane på eiga eining • Delta i arbeidsgruppa • Evaluerer samlingane og utviklingsarbeidet saman med personalet
HTV	• Ein deltek i arbeidsgruppa • Vere tilsette sitt talerøyr inn i arbeidsgruppa, evaluerings- og planleggingsarbeidet • Bidra til å gjere planar kjent i eigen organisasjon (begge kommunar) • Sjå til at tilsette kan ta del i kompetanseutviklinga.
PPT	• Delta i Arbeidsgruppa • Være med som rettleiarar • Delta i lærande nettverk ved førespurnad/behov

Arbeidsmåtar og samarbeid i nettverket

PPT, Skular og barnehagar i Valle- og Bykle kommune har dei to siste åra søkt å finne ei arbeidsform som tek i vare ønska om samhandling og målretta arbeid. Det er gjort ei rekke erfaringar.

I 2026 vil nettverket vidareføre arbeidet med å sikre forankring av ei avgrensa satsing som kan vare over tid. Nåverande satsing har ei forankring i einingane.

Alle tenesteleiarane er med i Arbeidsgruppa. Det er og ein representant for fagforeiningane. Det er nettverket sin vurdering at det gir eit godt utgangspunkt for ei skule- og barnehagebasert satsing.

Nettverket vil trene på Lærande nettverk som modell;



Nettverket vil trene Dialogkonferansemodellen som metode;



Tiltaksoversikt 2026

Kva	Kven	Fagleg Ansvarleg	Vår	Haust
Nettverk – Utviklingsteam - fysisk	UiA, utviklingsrettleiarar, utviklingslærarar/-pedagog og tenesteleiarar	UiA	x	x
Nettverk – Utviklingsteam - digitalt	UiA, utviklingslærarar/-pedagog og tenesteleiarar	UiA	x	x
Kick off - fagdag	Alle	UiA		x
Rettleiing – kvar teneste - digital	UiA, utviklingslærarar/-pedagog og tenesteleiarar	UiA	x	x

Framdriftsplan 2026

2026		
Tidspunkt	**Innhald**	**Deltakarar**
23. januar	Fastsette behovsmelding Innhald plandag august	Arbeidsgruppa
1. februar	Innsending av behovsmelding til Statsforvaltaren	Koordinator
24. februar	Lærande nettverk – utviklingsteam - fysisk	UiA, utviklingslærar/-pedagog, tenesteleiar og utviklingsrettleiar
	Mellomarbeid	Kvar eining
21. april	Lærande nettverk – utviklingsteam – digitalt	UiA, utviklingslærar/-pedagog og tenesteleiar
	Mellomarbeid	Kvar eining
5. mai	Rettleiing – digital – kvar eining	UiA, utviklingslærar/-pedagog og tenesteleiar
8. juni	Evaluering av kollektiv kompetanseheving, planlegge plandag i august	Arbeidsgruppa
11. august	Kick off - Fagdag	Skuler, barnehagar, PPT, PHF, BV, Kultur og fritid og UiA
.september	Lærande nettverk – utviklingsteam - digitalt	UiA, utviklingslærar/-pedagog og tenesteleiar
	Mellomarbeid	Kvar eining
.oktober	Rettleiing – digital – kvar eining	UiA, utviklingslærar/-pedagog og tenesteleiar
.oktober	Evaluere kollektiv kompetanseheving Vurdere behov – plan for 2027	Arbeidsgruppa
.november	Lærande nettverk – utviklingsteam - fysisk	UiA, utviklingslærar/-pedagog, tenesteleiar og utviklingsrettleiar
	Mellomarbeid	Kvar eining
.desember	Evaluering av utviklingsarbeid 2026 Lage plan (behovsmelding) for 2027	Arbeidsgruppa

Evaluering

Bruk av kompetansemiddel

Tildelte middel 2026 og eigne lokale middel vil vi nytte til:

- Utgifter til samlingar for tilsette, inkludert reise
- Arbeidsgruppe for ordninga
- Koordinator/utviklingspersonar på einingane
- Litteratur/materiell

Grunnlag for berekning av tilskot

Barn i barnehagane	**Sum 113**	(Bykle 47 + Valle 66)
Lærarårsverk	**Sum 31,93**	(Bykle 15,34 + Valle 16,59)